Leder Dagny Fuglø i Naturvernforbundet Kvinnherad har engasjert seg imot forslaget, og hun har lagt ut en film og en rekke bilder fra Glevika på nettsiden www.varaldsøy-natur.info for å vise folk hvor naturskjønt området faktisk er.

«Glevika - sjøve symbolet på livsutfoldelse og livskvalitet. Blomerikdomen på skarva skifter fra gong til gong ein er der og ser vakre fargar. Sanden i Glevika er så god å trø på, og å vassa i,» skriver hun.



– Her er det for fint til at det kan bli ferjeleie, mener Dagny Fuglø.

Foto: Dagny Fuglø

Ny leder i NVH

– Klimakrisen krever at vi handler nå, sier nyvalgt leder i Naturvernforbundet i Hordaland, Espen Edvardsen. Edvardsen varsler fortsatt satsing på arbeidet for utfasing av oljefyrer, og trekker frem arbeidet for et miljøvennlig transportsystem med bybane, en raskere Bergensbane og høyhastighetstog som viktige saker fremover.

Flertall mot boring på Møre-kysten

Et knapt flertall er mot boring etter olje på Møre-kysten viser en ny meningsmåling. Målingen viser at 45,6 prosent er helt eller delvis mot oljeboring, mens 43,9 er helt eller delvis for. Målingen viser at SV-velgere i størst grad er mot boring, mens Høyre-velgere er mest for.



Klimavegen frå København

Klimamøtet i København i desember kan stranda fordi rike land indirekte vil krevja mykje større rett til utslepp enn dei fattige.

Etter 20 år med åtvaringar frå klimaforskarar og miljøorganisasjonar er politikarane no overtydd om at klimakampen må takast alvorleg. Etterølarar finst, men dei blir i alle land stadig færre. På eit klimamøte i Os uttrykte Terje Søviknes at FrP no legg førevar-prinsippet til grunn for sin klimapolitikk, eit avgjort framskritt. Han sette likevel ein føresetnad om at klimatiltak ikkje må gå ut over livet for nordmenn flest og at kutta må takast der ein får mest for pengane. Andre parti har med klimaforliket i Stortinget betre intensjonar om klimakutt enn FrP. Men mangel på samsvar mellom liv og lære gjer at utsleppa våre berre aukar. I røynda fører regjeringa same politikk som FrP: Utsleppa må reduserast, men i Noreg skal vi leva våre forbruksliv tilnærma som før. Ikkje ein gong Kyotoavtalen vil vi innfri på ein verdig måte. Etter den skal det meste av klimakutta takast i eige land, men for avtaleperioden 2008–2012 blir det ikkje kutta eit gram i Noreg. Med slik likesæle kan klimakampen ikkje vinnast.

Sterke ord frå IEA

Det er ikkje lengre berre FN's klimapanel IPCC som er kjelde for åtvaringane om global oppvarming. Det internasjonale energibyrået IEA brukar no sterkare ord enn IPCC. Dei slår fast at utsleppa fører til katastrofale klimaendringar. For å redde kloden trengs det ikkje mindre enn ein revolusjon for å skapa ein karbonfri energiproduksjon, hevdar dei.

EU, Noreg og andre rike land som Japan, har intensjonar om å redusera utsleppa. Dette er vel og bra, men IEA har rekna ut at sjølv med ei innfriing av intensjonane i rike land, vil utsleppa auka med 45 prosent fram til 2030. Dette vil gje ei global oppvarming som på sikt kan nå opp mot seks grader, hevdar dei. Dette tyder at rike land må arbeida mot større klimakutt enn planlagt og at fattige land etter kvart også må redusere sine utslepp. Oppgåva er større og vanskelegare enn kva politikarane trur.

Radikale kutt må til

I Europa er det politisk semje om å dempa

den globale oppvarminga til to grader frå den industrielle revolusjonen. Vi veit ganske godt kor store utslepp verda kan tåla år for år for å nå dette målet innan år 2100. Det er sjølv sagt slik at dess seinare ein kjem i gong med reelle tiltak, dess vanskelegare blir det å nå målet. Omvendt vil ein god start letta arbeidet sidan. Men i praksis er det likevel lite slingringsmon, aukinga i utsleppa må mellom anna kulminera innan eit tiår. Radikale kutt må gjennomførast fram til 2030, og energiproduksjonen må praktisk talt verta karbonfri ved 2050. Omsett til tal må utslepp per menneske på jorda i snitt ikkje overstiga fire tonn CO₂-ekvivalenter per år dei neste ti åra. Fram til 2050 må utsleppa ned i eit tonn per person. Sjølv eit mål om ei oppvarming på tre grader vil ifølgje IEA krevja ei radikal omlegging av politikken. Målet om to grader krev så mykje at få forskarar trur det kan realiserast. Mellom anna krev det innan eit tiår utstrakt bruk av teknologi som enno ikkje er utprøvd og som kanskje ikkje vil virka slik ein trur. Eit eksempel er fangst og lagring av CO₂, hovudsatsinga i norsk politikk. Aukande oppvarming over to grader gjev aukande risiko for katastrofar. For eksempel aukar risiko for at store delar av Grønlandsisen vil smelta på sikt. Som kjent inneheld den åleine vatn tilsvarande sju meter i havnivået. Verda har ei opplagt plikt på seg til å innfri målet om to grader. Det er grunn til å minna om at nokre av dei beste klimaforskarane i verda meiner målet må setjast endå strengare.

Korleis skal retten til utslepp fordelast?

Går ein inn for eit mål om to grader, må ein også godta dei estimata vi har for kor mykje verda kan sleppa ut år for år for å nå målet. Forhandlingar i København vil i røynda handla om eigedomsretten til desse utsleppa – totalkvoten om ein vil. Her vil rike land og utviklingsland stå mot kvarandre. Utviklingsland, som no har små utslepp, vil hevda at dei har like stor rett til utslepp som rike land, noko rike land indirekte vil setja seg imot.

Lat oss tenkja oss ein rettferdig kvoteordning der utsleppa verda kan tillata seg blir delt likt på alle land etter folketalet. Kvotene for Noreg i eit slikt system illustrerer det store problemet rike land står overfor. For eit mål om to grader ville vi fått tildelt ein kvote på mindre enn 20 millionar tonn CO₂-ekvivalenter per år dei første ti åra. Offisielle tal frå Statistisk Sentralbyrå om utsleppa i dag, som ikkje omfattar internasjonal skips- og luftfart, er cirka 55 millionar tonn per år (12 tonn per person). Reelle utslepp er større. Slik ville vår kvote dekkja cirka ein tredel av behovet dei neste åra. Hadde vi berre denne kvoten, måtte Noreg fram mot 2020 redusera utsleppa meir radikalt enn kva nokon miljøvernorganisasjon har foreslått.

Kutt i rike land og utviklingsland

Noregs primære interesse er ifølgje Erik Solheim å sørgja for klimakutt i utviklingsland, der utsleppa aukar mest. Slik har regjeringa intensjonar om å bidra til langt større klimakutt enn det som er mulig å få til i Noreg. I tillegg kjem intensjonar om store klimakutt i Noreg på sikt. Sjølv om klimakutt i Noreg kjem i andre rekke, verkar politikken i første omgang både realistisk og idealistisk. Det er berre det at dei fleste rike land tenkjer omtrent som Noreg. Rike land vil primært kutta der dei får mest for pengane og der utsleppa er sterkt aukande. Utviklingsland peikar på dei store utsleppa i rike land og vår manglande vilje til å feia for eiga dør. Mangel på klimakutt i rike land undergrev sjansane til å få til ein effektiv internasjonal avtale. I så måte er Noreg også i internasjonal samanheng ei klimasinke. Rike land vil tilby pengar og teknologi til utviklingsland, men utviklingsland vil ikkje la dei rike diktera korleis dei skal bidra. For lang tid framover gjev rike land seg rett til langt høgare utslepp enn dei fattige.

Oppgåva er stor

Ein effektiv avtale i København må leggja opp til innsats på ein rekke områder. IEA set opp energieffektivisering som det viktigaste. For eksempel representerer

” Det internasjonale energibyrået IEA brukar no sterkare ord enn IPCC. Dei slår fast at utsleppa fører til katastrofale klimaendringar.”



Foto: Arkiv

slik effektivisering det største potensielle kraftverket i Noreg. Forskarar som James Hansen peiker på at det viktigaste blir å stengja eller reinsa alle kullkraftverk i verda. Først må dette skje i dei rike landa, til dømes i EU. IEA legg vekt på at det må arbeidast i fleire sektorar samstundes. Derfor må også gasskraftverk reinsast. I tillegg til problemet om eigedomsrett til utsleppa, blir då det største problemet å få opp prisen på utslipp. Med reelle tak på utsleppa og internasjonal kvotehandel vil prisen ideelt sett bli så høg som nødvendig

for å nå målet, truleg langt meir enn 1000 kr per tonn. Med rettferdig rett til kvotane, ville land som India ha nok til utvikling av økonomien og for sal til rike land. Men til no er forhandlingane ikkje i nærleiken av noko slikt.

Biskop Martin Lønnebo seier at klimakampen ror seg fram med to årar: etisk tenking og teknologisk utvikling. Mangel på etisk tenking knytt til klimapolitikken i rike land gjer at båten for tida ikkje kjem fram. I for stor grad er klimapolitikken prega av luftige intensjonar

av teknologisk art. Klimavona i København er at rop frå fattige land om rettferd vil bli høyrte. Mange gode hendingar må til for å få på plass ein effektiv avtale. Det gjeld at klimavegen frå København blir brulagt med langt meir enn gode intensjonar.

Sigbjørn Grønås

Professor i meteorologi, Geofysisk institutt, Universitetet i Bergen

Nysgjerrigperer og ville raketter

Onsdag 29. april 2009 ble det arrangert Nysgjerrigperkurs på Ulsmåg skole. Utfordringene stod i kø for 22 oppmøtte nysgjerrige miljøagenter med foreldre.

Hvordan kan man for eksempel heise et lodd på hundre gram opp fra bakken, bare ved hjelp av solenergi? Og hvordan kan man, bare ved hjelp av solceller, få en legobil til å dra opp Norges bratteste riksveier?

Dette var noen av oppgavene de frammøtte miljøagentene fikk bryne seg på. Ved hjelp av vind-, vann- og solenergi hadde agentene på under en time bygget flere solcelledrevne biler, vannturbiner og vindmøller.

Som om ikke dette var nok, fikk nysgjerrigperene til slutt prøve å skyte en rakett 30 meter opp i luften. Rakettpassasjeren var et rått egg og meningen var at det skulle lande like helt sammen med de andre rakettdelene.

Dette mirakelet skulle utføres ved hjelp av en fallskjerm. Resultatet ble som følger: Raketten gikk ikke 30 meter opp i luften, men 40! Fallskjermen åpnet seg ikke helt som den skulle og passasjeren ble raskt forvandlet til et ustekt speilegg på bakken. Resten av raketten landet på skoletaket.

Klaus Hjermann

Denne agenten har nettopp laget en bil som går på solenergi.

Foto: Miljøagentene



Fjernet 40 sekker søppel fra Herdla

Miljøagentene på Askøy fikk besøk av Miljøagentene i Kringlebotn under sin årlige rydding av fuglereservatet på Herdla.

Miljøagentene på Askøy har gjort det til en tradisjon å rydde Herdla for søppel før hekkesesongen. I år fikk de hjelp av miljøagenter fra Kringlebotn, noe som satte dem i stand til å rydde store deler av reservatet.

Omtrent 40 store og små ivrige agenter plukket til sammen 40 fulle søppelsekker. Stranden og området innenfor reservatet ble så godt som rensket for boss og drivgods, og nå ligger alt til rette for at fuglene kan hekke i fred, i et ryddig og naturskjønt område.

Gjengen hadde en flott dag på Herdla, solen skinte og stemningen var på topp. Etter at jobben var gjort, grilltet miljøagentene økologisk kortreiste pølser fra Vikja, servert med økologisk kortreiste pølsebrød fra Godt Brød og økologisk ketchup fra Heinz.

Agentene fikk også økologisk sjokolade og økologisk frukt fra Coop OBS i belønning for god innsats.

En merkebevisst agentmamma på Askøy drakk dessuten økologisk merket brus. Den har nettopp kommet på markedet og finnes, av alle steder, kun på Rema 1000.

Hege Torghatten

Store og små miljøagenter hadde møtt opp på Herdla.

Foto: Hege Torghatten



Fuglekasser i Indianerskogen

Den 19. april 2009 inviterte Miljøagentene i Kringlebotn 33 små og store til fuglekassespikring i den hemmelige Indianerskogen ved Helldalsåsen på Nestun.

Hva er vel bedre enn å tilbringe søndagen i naturen? Spesielt bra blir det når sola henger så høyt som den har gjort i Bergensområdet i det siste. Miljøagentene vet å benytte seg av godværet, og mange hadde møtt frem denne formiddagen for å tilbringe dagen i den mystiske Indianerskogen.

– Vi spikret meise- og stærkasser og hang til sammen opp ca 20 fuglekasser rundt om på et hemmelig sted i skogen. Etterpå grillet vi pinnebrød og pølser på bål, og vi hadde natursti, sier Sverre Stakkestad, leder for Miljøagentene i Kringlebotn.

Nå har fuglene i Indianerskogen imidlertid fått et helt nytt og utfordrende problem, kan Stakkestad melde. – Skal de velge en fuglekasse i et bjørketre eller i ei furu, og skal de ha morgensol eller kveldssol?

Miljøagentene skal også lage uglekasser snart, og henge dem opp i området i god tid før hekkesesongen. I tillegg har de også andre aktiviteter i vente.

– De eldste miljøagentene skal på hemmelig oppdrag for å spore opp noen miljøgriser i Åsane i Bergen. Vi skal også dra på tur og rydde stranden i Melkevikken. Eller kanskje ikke... Hvis de voksne, «russen» og andre ungdommer rydder etter seg, slipper vi å rydde stranden etter dem. Da kan vi bare bade, grille og kose oss. Miljøagentene oppfordrer alle som er ute og koser seg i friluft,

enten de er i skogen eller på en strand, om å forlate området slik de selv ønsker å finne det.

Klaus Hjermand



Miljøagentenes ivrige arbeid resulterte i omtrent 20 fuglekasser.
Foto: Sverre Stakkestad

Notis

Borettslag blir miljøagentgrupper

Den siste måneden har to borettslag i Bergen meldt seg inn i Miljøagentene.

Å bo i et borettslag gir rom for samarbeid og gode løsninger når det kommer til saker som har med miljø- og naturarbeid å gjøre. Særlig gjelder dette borettslagsløsninger for resirkulering og avfallshåndtering.

– Barna kan gjennom slike grupper passe på at de voksne resirkulerer og behandler avfallet riktig. Barna lærer også selv gode rutiner når det gjelder avfallsortering og resirkulering, sier Marte Mjøs Persen, fra styret i Naturvernforbundet Hordaland.

Slike gruppemedlemskap gjør det mulig å gi barna en samlet opplæring, og gode rutiner for fornuftig søppelhåndtering. De får selvsagt også muligheten til å være med på aktiviteter som Miljøagentene arrangerer i Bergensområdet, og de kan selv arrangere aktiviteter og hemmelige oppdrag.



Miljøagenter fra Kringlebotn.

Foto: Sverre Stakkestad

A logo for Homlagarden, featuring the name in a stylized font inside a green rounded rectangle.

Økologisk
Kalkun
frå Hardanger

A stylized illustration of two turkeys standing in a green landscape with rolling hills, trees, and a fence.A circular logo for Debio, with the word "ØKOLOGISK" at the top and bottom, and "Debio" in the center. Below it, it says "Debio godkjent".

www.homlagarden.no

Folkeaksjon i aksjon

Folkeaksjonen Oljefritt Lofoten og Vesterålen er i gang også i Bergen. Den 19. mars 2009 vart det stifta lokallag, det fyrste utanfor

30. april hadde Folkeaksjonen sitt lokallag i Bergen sitt fyrste årsmøte, og med eit breitt styre og vidtfamnande handlingsprogram er dei klare til kamp for klimaet og lofottorsken.

– Me har vore heldige og fått skipa eit breitt styre med kompetente folk frå fleire politiske parti og miljøorganisasjonar, seier Sondre Båtstrand, initiativtakar til det nystifta lokallaget. – I tillegg har me eit offensivt handlingsprogram med fokus på å samle underskrifter til den nasjonale kampanjen, samt å gjere oljefritt Lofoten og Vesterålen til ei valkampsak. Me planlegg å arrangere ein stor debatt med alle listetoppene og også representantar frå miljøorganisasjonar og forskingsmiljø, der oljesaka er tema. Det skal vere tydeleg kvar partia og listetoppene stend i saka, framhevar Båtstrand.

Allereie dagen etter årsmøtet var folkeaksjonen synleg i bergensgatene. Banneret deira var truleg det største i 1. mai-toget, og det verka som om det

nyoppstarta lokallaget vart godt motteke. Mange underskrifter vart samla inn, og fleire var interesserte i å verta medlem i Folkeaksjonen. Dessutan strøymte det til med folk som ville gå bak fanen «Oljefritt Lofoten og Vesterålen».

– Det vert dessutan snart høve til å gjøre det att, nemner Båtstrand. Den 5. juni er Verdás Miljødag, som Folkeaksjonen er med å planlegg. Då vil dei bringe banneret ut i bergensgatene att.

Den nyvalte kontaktpersonen understrekar at lokallaget ikkje berre gjeld for Bergen.

– Sjølv om me «berre» dekkjer Bergen i namnet, er me eit lokallag for heile Hordaland. Dersom nokon i resten av fylket ynskjer å verta aktive i Folkeaksjonen utan å starte lokallag, er dei velkomne til oss, avsluttar han.

Besøk www.folkeaksjonen.no for å bli medlem og aktiv.

John Magnus Dahl

Popkorn,

20 år etter Exxon Valdez mange hender.

12.-14. mai 2009 gikk «Øvelse Sommarøy» av stabelen på og rundt nettopp Sommarøy i Troms. Stedet ligger omtrent en times spektakulær biltur fra Tromsø lufthavn, og oljevernøvelsen kom i stand som et kjærlighetsbarn av Midt- og Nord-Troms IUA og NOFO

Velkommen

Øvelse er viktig, og nettopp dette blir poengtert når øvelsesleder fra IUA, Nils Ove Sollid, ønsker oss hjertelig velkommen i «Stornaustet», konferansesenteret på Sommarøy Arctic hotell. Hele 22 forskjellige instanser og organisasjoner skal være med på øvelsen, deriblant Kystverket, Siviltforsvaret, Kystvakten og WWF. Med et slikt spekter av deltagere sier det seg selv at koordineringen av de ulike ressursene må ha topp prioritet. Kort sagt: I en eventuell oljevernaksjon er det avgjørende at aksjonsledelsen foretar ryddige prioriteringer og har et upåklagelig oversiktsbilde.

Bakteppe for denne øvelsen er også interessant. Det tiltakende presset for å gjennomføre utbygginger av olje- og gassvirksomhet i nord, gjør det nødvendig å diskutere verdien av sårbare økologiske områder og hvilke hensyn man er villig til å ta i forhold til disse. Det er åpenbare problemer knyttet til å kvantifisere økologiske enheter etter økonomisk modell. Hva er egentlig fiskens gyteområder utenfor Lofoten og Vesterålen verdt i kroner og øre?

Verdivurderinger

Det er satt inn betydelige ressurser for å gjøre øvelsen best mulig. Først var det en hel dag med teoretisk bakgrunn og informasjon fra aktuelle instanser. Spesielt var presentasjonen til Fylkesmannen i Troms innholdsrik og spennende. Foredragsholderen forklarte blant annet hvordan sårbare områder blir klassifisert ved hjelp av MOB (Miljø og Beredskap). Metoden er databasert, og man plotter inn forskjellige kriterier som naturlighet, erstattelighet, verneverdi og sårbarhet. Dette gjør det mulig å identifisere sårbare områder og ikke minst prioritere miljøressurser ved et akutt oljeutslipp. Vår verden er ingen ideell verden, men det er den eneste



Reine i Lofoten

badestamp og midnattssol

er oljevern fremdeles først og fremst et spørsmål om god logistikk og



En flik av paradiset, Sommarøy i Troms. Foto: Ørjan Sælensminde

vi har og noen ganger må pragmatiske verdivurderinger foretas.

Popkorn

Morgenen for øvelsen melder regnet sin friske ankomst akkurat til rett tid. Innsatspersonellet blir delt inn i land- og sjølag, og hvert lag får definert et aksjonsområde og en lagleder. Det er en herlig realisme innbakt i den lett kaotiske tilstanden som råder ved vårt aksjonsområde. Takket være solid innsats fra kompetente lagledere ble det forholdsvis raskt opprettet én ren og én skitten sone, og Sivilforsvaret tok ansvaret for loggføringen av hvor personellet var til enhver tid.

Viken som vi har fått ansvar for, er fylt til randen med popkorn. Popkornet er et organisk og lett nedbrytbart substitutt for olje, og laget setter straks i gang med en storstilt opprydningsaksjon. Arbeidet på land blir støttet av båter. De setter ut oljelenser for å unngå remobilisering av den «oljen» som allerede har gått på land. Øvelsen utvikler seg flott for vår del, og etter en solid runde med en vannslange, som pumper vann fra sjøen, er strandsonen så å

si fri for kinorelatert snop.

Praktisk forståelse

Ting tar tid. Dessuten vil ikke informasjonsutveksling og koordinering alltid fungere optimalt. På denne øvelsen var det noen popkornflak som snek seg unna, og sambandet vårt sviktet. Antallet risikofaktorer blir skremmende når en tenker på at dette bare var en øvelse. En ekte ulykke kommer sjelden verken alene eller anmeldt, og ved et akutt forurensningstilfelle vil det oppstå både lignende situasjoner og verre. Nettopp derfor er det viktig å øve, spesielt for de som sitter med et lederansvar er det nødvendig å trene på de gode og raske avgjørelsene og prioriteringene. For hele innsatspersonellet er det viktig å få en praktisk forståelse av hva en slik aksjon innebærer. Som et supplement til øvelsen har NOFO produsert en HMS-perm som kan være til nytte for alle og enhver som har befatning med oljevern. For selv om det er viktig med oljevern, er liv og helse for innsatspersonell faktisk enda viktigere. Et annet aspekt ved oljevernaksjoner, som «Øvelse Sommarøy» synliggjorde, er verdien



Kursdeltagerne fikk også fjerne ekte oljesøl, innenfor et begrenset område.

Foto: Ørjan Sælensminde

av å gi oljevernerne skikkelig forpleining. Sviktede motivasjon kan ofte bli en faktor etter mange timer i strandsonen med olje opp til ørene, og da er skikkelig kost og losji til stor hjelp. På Sommarøy var det i tillegg til nydelig mat og overnattingsfasiliteter, et par strategisk plasserte badestamper som ble flittig brukt etter en hard dag i fjæren. Samtidig som øvelsen ga gode resultater, er det dessverre helt opplagt at et oljeutslipp i nord vil ha enorme økologiske konsekvenser som et godt oljevern i beste fall kan redusere, men aldri eliminere.

Ørjan Sælensminde

FAKTA:

Exxon Valdez: Oljetanker som forårsaket en av de verste oljerelaterte økologiske katastrofene vi har sett. Ca 38.800 tonn olje lekket fra skipet og ut i havet langs kysten av Alaska.

IUA: Interkommunalt utvalg mot akutt forurensning

NOFO: Norsk Oljevernforening for Operatørselskap

Provoserande og viktig

Sustainable Energy – without the Hot Air
av David J.C. MacKay
UIT Cambridge
Tilgjengeleg i gratis nettutgåve på
www.withouthotair.com

***Sustainable Energy – without the Hot Air* har potensial til å verta eit standardverk. Boka kan du lesa gratis.**

David MacKay, som er professor i fysikk ved universitetet i Cambridge, har skrivne ei ikkje mindre enn imponerende bok om fornybar energi. Boka, som er på nær 400 sider, tek for seg det eine store temaet etter det andre. Her vert alt frå offshore vindenergi, via energibruk til oppvarming og i transportsektoren, til mobiltelefonladarar, diskutert. Alt saman vert presentert med grundig talmateriale. Boka treff dermed midt i den debatten som for lengst burde ha kome på nasjonalt nivå i Noreg: Korleis skal me fortast mogleg fasa ut bruken av fossil energi *heilt og halde*, og korleis skal me vidare bidra til at det same kan gjerast i resten av Europa og verda? Boka burde også vera høgaktuell for debatten internt i den norske miljørørsla, sidan ho tek opp både dei positive og dei negative sidene ved vindkraft og offshore vindkraft. MacKay svingar jamvel innom Smøla, og slår fast at han deler BirdLife International si oro for sjeldne fuglar, før han held fram:

- Men det er viktig å sjå på tala. Det har vorte estimert at 30.000 fuglar i året vert drepne av vindmøller i Danmark. Skrekk og gru! Forby vindmøller! Men me ser også at trafikk drep ein million fuglar årleg i Danmark. Tretti gongar meir skrekk og gru! Tretti gongar meir insentiv til å forby bilar! Og i Storbritannia vert 55 millionar fuglar i året drepne av kattar. Basert på mine kjensler åleine, ville eg lika å bu i eit land med mest ingen bilar, mest ingen vindmøller, og mengder av kattar og fuglar. Men det eg verkeleg vonar er at avgjersler om bilar og vindmøller vert gjort på grunnlag av forsiktig rasjonell tenking, og ikkje på grunnlag av kjensler åleine. Kanskje treng me vindmøllene!

Unikt perspektiv


Det er inga tvil om at boka til MacKay, som andre bøker om fornybar energi, kan provosera. Men det er samstundes ei svært viktig bok, ikkje minst fordi MacKay sitt perspektiv er ganske unikt. Ein ting er at han rettar fokus på konkret

talmateriale, i staden for på adjektiv. Ein annan ting er at han, sjølv om han kjem innom klimaspørsmålet tidleg i boka, har eit anna utgangspunkt. I eit av boka sine siste kapitler, som handlar om CO₂-fangst, samanfatar han dette:
- Når eg byrja å planleggja denne boka hadde eg tenkt å unngå klimaforandringane heilt. I nokre sirklar var spørsmålet «Finst klimaendringane?» kontroversielt. Det same kunne ein seia om spørsmåla «Er dei menneskeskapte?» og «Tyder det noko?». Og hengjande til sist i rekkja av kontroversar, «Kva skal me gjera med det?». Eg meinte at bærekraftig energi var eit viktig tema i seg sjølv, og at det var best å unngå kontrovers. Mitt argument skulle vera «Det er ikkje viktig når fossile energikjelder går tomme, det er ikkje viktig om klimaendringane er verkelege, å bruka fossile brensler er ikkje bærekraftig uansett, lat oss førestilla oss korleis det er å leva bærekraftig, og finna ut kor mykje bærekraftig energi som er tilgjengeleg.

- Det siste me bør snakka om Plasseringa av diskusjonen om CO₂-fangst til slutt i boka er heller ikkje tilfeldig. MacKay meiner dette er det siste me bør snakka om. Han fryktar CO₂-fangst fort kan verta ei kvilepute som gjer at ein ikkje handlar i det heile. Samstundes meiner han at me bør snakka om det, og forska på det, sidan det kan verta «vår siste forsvarslinje, dersom klimaendringane er så ille som klimaforskarane seier, og dersom menneskeheita feilar i å ta dei billegare og meir fornuftige vala som er tilgjengelege for oss i dag».

Viktig å seia ja

Det er kanskje dårleg bokmeldarkutyme å avsløra korleis boka sluttar, men sidan MacKay sin konklusjon er sentral og vesentleg, skal eg gjera det likevel. Det aller siste – og aller kortaste – kapittelet i boka heiter «Å seia ja» («Saying Yes»), og det er verdt å sitera eit lengre avsnitt:



-Sidan opinionen har ein generell tendens til å seia «nei» til vindkraft, «nei» til atomkraft, «nei» til tidevasskraft – «nei» til alt anna enn energisystem basert på fossile brensler – er eg uroa for at me ikkje kjem til å klara å kutta ut fossile brensler når me treng det. I staden vil me satsa på halvløysingar: litt meir effektive kraftstasjonar og bilar, litt meir effektiv oppvarming basert på fossilkraft, eit fikenblad av eit karbonhandelssystem, litt strøssel av vindturbinar, og eit utilstrekkeleg tal på atomkraftverk. Det er neppe mange i den norske miljørørsla som vil opna for atomkraft – heldigvis. Men MacKay sitt poeng er verdt å bruka tid på. I norsk miljørørsla har me i stor grad innsett at det er på tide å seia nei til dei fossile brensla. Men det held ikkje. Noko må me også seia eit rungande ja til. ENØK åleine vil ikkje gjera susen.

Øyvind Strømmen



- Vi må si ja til noe, skriver David MacKay. Her offshore-vindmøller ved Horns Rev i Danmark. Foto: Vestas Wind Systems A/S



BIR BEDRIFT

Personer som har kjøpt produkter fra BIR BEDRIFT, kan nå returnere de til butikken eller til en av våre returstasjoner. Dette er helt gratis.

Personer som har kjøpt produkter fra BIR BEDRIFT, kan nå returnere de til butikken eller til en av våre returstasjoner. Dette er helt gratis.

Personer som har kjøpt produkter fra BIR BEDRIFT, kan nå returnere de til butikken eller til en av våre returstasjoner. Dette er helt gratis.

Personer som har kjøpt produkter fra BIR BEDRIFT, kan nå returnere de til butikken eller til en av våre returstasjoner. Dette er helt gratis.

Personer som har kjøpt produkter fra BIR BEDRIFT, kan nå returnere de til butikken eller til en av våre returstasjoner. Dette er helt gratis.

Personer som har kjøpt produkter fra BIR BEDRIFT, kan nå returnere de til butikken eller til en av våre returstasjoner. Dette er helt gratis.


Et selskap i **RETURA®**
ET MILJØ I BALANSE



Putt drikkekartong rett i papirbosset - uten plastpose!



Drikkekartong



SIMAS

Sogn Interkommunale
Miljø- og Avfallsselskap

Tlf. 57 65 70 70 - Faks 57 65 70 79
www.simas.no



**Indre Hordaland
Miljøverk**

Tlf. 56 52 99 00
Faks 56 52 99 01
E-post: ihtm@ihm.no
www.ihm.no

Ta vare på naturen

- Hugs at farleg avfall må leverast til godkjend mottak!

- Stoff med faremerke er nesten alltid farleg avfall.
- Farleg avfall kan leverast på miljøstasjonen, sjå opningstider på www.ihm.no

LogoLink.no

Tenk avfallsreduksjon

Still deg sjølv tre spørsmål når du skal handla:

1. Er produktet av god kvalitet?
2. Er det miljøvenleg?
3. Har eg egentleg bruk for det?

Er svaret nei, spar både pengane og miljøet!

 **NGIR**
www.ngir.no



SIM

Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS



Tenk miljø - brems forbruket!

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Svartasmoget
N-5419 Fitjar

telefon 53 45 78 50
telefaks 53 45 78 60
e-post sim@sim.as

www.sim.as



4500 syltetøyglass
= nok til å isolere et husbankhus

Glasseballasje leverer du til containerne for glass på returpunktene.

**Kast riktig -
gi bosset verdi**

Tlf: 815 33 030 | www.bir.no



Regjeringens klimaambisjoner

**Mongstad kan få
ti år uten rensing**

CO₂-utslippene kommer trolig opp i 28 mill. tonn
**2008 blir tidenes
verste utslippsår**

På Stortinget vil Rødt:

- Ingen gasskraft – verken med eller uten rensing
- Tempoet i oljeutvinningen skal ned – ingen nye felt
- Nye kraftlinjer skal i kabel
- Gå inn for høghastighetstog Oslo – Bergen
- Gjenreise nullvekst som politisk alternativ

Vi har en verden å miste.
Stem Rødt.

torsteindahle.no | raudt.no/hordaland



SV

Vi tar det modige
valget og sier nei til
økt oljeutvinning. Vi
satser heller på fornybar
energi og et miljøvennlig
næringsliv.



Litt resirkulert
Litt fair trade
Litt økologisk
Litt stilig
Litt annerledes...

Sanseliv

Sanseliv er en butikk med **fair trade**
og **økologiske** klær til damer. Dessuten er
Sanseliv et bittelite designfirma som
håndlager klær med personlighet til store
og små. Feminine og tøffe. Hverdag og fest.
Damer og barn. Velkommen!

Adresse: Jacobsfjorden på Bryggen

onsdag 1100 - 1700

torsdag 1100 - 1800

fredag 1100 - 1700

lørdag 1100 - 1600

www.sanseliv.no

Liv Karin L. Thomassen 950 61 277



Har du boss?
Ring Franzefoss!
Tlf. 55 34 92 00

WWW.CREABO.NO



Damsgårdsvn. 99
5058 Bergen
www.franzefoss.no
Telefax: 55 34 92 10



En del av kretsløpet

Tlf 08899
www.ragnsells.no



Mottaker av forurenset masse.

www.fsg.no

Les meir om kvifor det står Skyss
på bussen din på skyss.no



Skyss

SYKKEL SENTERET AS

STØRST
PÅ
SYKKEL

BILLIGST
PÅ
PRIS

KVALITET
TIL LAVPRIS



SYKKEL
SENTERET AS

RETT OVER BERGEN STORSENTER
Vestre Strømkaien 5008 Bergen
TLF. 55 21 24 90

E-POST: FIRMAPOST@SYKKELSENTERET.NO
WWW.SYKKELSENTERET.NO

ENERGINÆRINGENS
INTERESSEORGANISASJON



www.holga.no

HOG ENERGI, STRANDGATEN 6, 5013 BERGEN
TLf 56901150, fax 56901151,
e-post: hog@holga.no,
www.holga.no

Naturvernkalenderen 2009

Her finner du en oversikt over noen av natur og miljørelaterte arrangement framover.
For mer informasjon, se nettsidene eller kontakt fylkeslaget.

Juli

● Åpent seminar om Dalelvavassdraget på Åkrafjordtunet

4.-5.07

Hensikten er å sette fokus på verneverdiene i dalelvavassdraget i Etne. Dette er et vassdrag med svært store lokale og nasjonale verneverdier som nå trues av flere utbyggingsprosjekter.

Treffet starter på lørdagen. På seminaret skal vi ta for oss tema som geologi, naturmangfold, friluftsliv og Åkrafjorden sin status som landskapspark. Søndagen blir det lagt opp til en tur oppover langs vassdraget før vi avslutter programmet med en «workshop» for videre arbeid.

For mer informasjon, spørsmål og påmelding, ta kontakt med Alexander Hovland på alexander@naturvern.no / mob. 975 66 388 eller Oddvar Skre oddvar@nmvskre.no / mob. 909 64 834

August

● Styremøte i Naturvernforbundet Hordaland

12.08.09, kl 19.00 – 21.00

● Landsmøte i Naturvernforbundet holdes i Bergen

21.-23.08.09

Landsmøtet er Naturvernforbundets øverste og viktigste organ. Det er her organisasjonen vedtar hva den mener om de overordnede miljøpolitiske utfordringene vi står overfor, det er her vi bestemmer hva vi skal jobbe mest med de neste årene. Det er også på landsmøtet at Naturvernforbundet velger hvem som skal sitte i organisasjonens ledelse de kommende to årene.

September

● Styremøte i Naturvernforbundet Hordaland

17.09, kl 19.00–21.00

● Energy – Climate – Technology. ECT-konferanse i Bergen

23.-24.09.09

I september holdes den andre årlige ECT-konferansen med Energiforum EF som hovedarrangør. Konferansen vil bli holdt i Grieghallen. Temaer i år vil være utvikling av ren energiteknologi, klimavotemarkeder og urban utvikling, energi og transport. For fullstendig program, følg med på nettsiden til arrangementet: www.ect2009.com

Notiser

Dugnadsgjeng til landsmøtet

21.-23. august 2009 avholder Naturvernforbundet landsmøte på Ervingen i Kong Oscarsgate i Bergen. Samtidig feirer Naturvernforbundet sitt 95 års jubileum. Landsmøtet er Naturvernforbundets øverste og viktigste organ. Her møtes delegater fra fylkes- og lokallag over hele landet for å vedta hva Naturvernforbundet skal mene om og gjøre med de miljøpolitiske utfordringene vi står ovenfor. Samtidig skal partiledere spores ut og det blir foredrag, diskusjoner og verksteder som delegater og inviterte kan delta på. For å få landsmøtet gjennomført trengs en dugnadsgjeng som kan lage lunsj og hjelpe til med noe av den praktiske gjennomføringen.

Kan du stille opp noen timer denne helgen? Kontakt Signe Sandberg på hordaland@naturvern.no.

Kan vi redde Dalelva?

Vannkraftutbygging kan medføre tap av nasjonale verdier i Dalelva. Naturvernforbundet arrangerer treff i sommer

Naturvernforbundet mener at Dalelvavassdraget er viktig både på et lokalt og nasjonalt nivå. I vassdraget finner vi blant annet verdifulle kultur- og naturlandskap, et relativt stort artsmangfold og enkelte truede arter. I dag er Dalelva urørt, men flere har søkt om utbygging både i øvre og nede deler av vassdraget, og prosjektene vil helt klart medføre alvorlige inngrep.

Årsmøte i NVH har vedtatt å prioritere Dalelvavassdraget i sitt arbeid, og i første omgang vil Naturmangfoldsgruppen arrangere et åpent seminar på Åkrafjordtunet 4.-5. juli 2009.

For mer informasjon og påmelding se www.naturvern.no/hordaland eller kontakt Alexander Hovland (mob. 975 66 388 / e-post alexander@naturvern.no) eller Oddvar Skre (mob. 909 64 834 / e-post oddvar@nmvskre.no).